

## KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE SÅKORN MIDLAR I 2013

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om Program for pasienttryggleik i Helse Vest

### Prosjektnamn

Utprøving av førebuaende kommunikasjon om livets slutfase

### Prosjekteigar (helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Helse Bergen HF, Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk, Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest

### Prosjektleder (kontaktperson)

Seksjonsoverlege Dagny Faksvåg Haugen, Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest

### Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt

Den medisinskfaglege utviklinga gir stadig fleire moglegheiter for val av behandling. Det er ein del av samfunnsutviklinga og lovverket vårt at pasienten sjølv skal ha rett til å delta ved val av behandling. For å kunne gjennomføre dette i praksis på ein forsvarleg og kvalitetssikra måte, bør kommunikasjonen med pasient og pårørande strukturerast på ein god måte. Dette gjeld like mykje for livets slutfase som for andre behandlingsval.

Førebuaende kommunikasjon om livets slutfase, på engelsk Advance Care Planning (ACP), er eit system for å kartlegge ein pasient sine ønske, prioriteringar og preferansar for livets siste fase. I fleire påfølgande samtalar vert fysiske, psykiske, sosiale og åndelege/eksistensielle aspekt drøfta i høve til ein framtidig sjukdomssituasjon, og viktige moment vert nedfelte i eit skriftleg dokument. ACP vert nytta i fleire engelsktalande land, og forskning har vist positive effektar av slike førebuaende samtalar i forhold til omsorga ved livets slutt og livskvalitet for pasientar og etterlatne.

ACP er så langt ikkje innført i Noreg. I dette pilotprosjektet ønsker vi å prøve ut ACP på pasientar med avansert lungesjukdom ved Haukeland universitetssjukehus. Vi vil først gjere fokusgruppeintervju med pasientar frå målgruppa for å få eit grunnlag for å velje ei tilnærming til ACP som passar for norske høve og den aktuelle pasientgruppa. I andre del av prosjektet vil vi prøve ut eit omsett og justert ACP-system for pasientar i «Pusterom», eit tilrettelagt, tverrfagleg opplegg for palliative pasientar på Lungeavdelinga post 3, Haukeland universitetssjukehus.

### Mål for prosjektet

Formålet med prosjektet er å prøve ut førebuaende kommunikasjon om livets slutfase (Advance Care Planning, ACP) for å kartlegge pasientane sine preferansar, auke deira medverknad ved behandlingsval, skape betre meistring og unngå overbehandling.

Det er også eit mål at avdelinga skal opparbeide kompetanse i førebuaende samtalar, samt få eit verktøy for kommunikasjon med og ivaretaking av palliative pasientar.

### Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Metoden er først å gjere fokusgruppeintervju med pasientar med langtkomen lungesjukdom for å høre deira preferansar i høve til korleis førebuaende kommunikasjon bør leggest til rette. Basert på resultatane vil vi tilpasse ein mal for førebuaende kommunikasjon til norske høve, og etablere ei rutine for dette ved Pusterom på Lungeavdelinga. Dette vil inkludere journaldokumentasjon, opplæring av legar og sjukepleiarar i å gjennomføre samtalanane, samt utprøving i ein periode på ca 12 månader. Vi ønsker å inkludere opp mot 50 pasientar, 1-2 per veke.

Evalueringa av denne piloten vil ha fokus på om førebuaende kommunikasjon let seg gjennomføre i ei travel akuttavdeling, og på korleis personalet og pasientane vurderer tilbodet.

Ei grundigare evaluering med tanke på effektar av ACP på livskvalitet og intensitet av behandling ligg

utanfor ramma av piloten.

### **Planlagt bruk av resultat i eiga eining**

Vi håper at førebuande kommunikasjon skal bli innført som rutine på posten, ev. etter justeringar ut frå evalueringa.

### **Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen**

ACP vert allereie nytta i mange land, og er i Noreg forankra i nasjonale planar og rettleiarar.

Samstundes kjenner vi ikkje til at noko norsk sjukehus har innført ACP som rutine.

Overføringsverdien er derfor stor.

Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest er part i prosjektet og kan spreie kunnskap frå prosjektet via dei regionale og nasjonale nettverka sine.

**Oppstarttidspunkt** (planlagt) 01.08.2013

**Sluttidspunkt** (planlagt) 31.12.2014